



DET KONGELEGE
KLIMA- OG MILJØDEPARTEMENT

Statssekretæren

Statsforvaltarane

Dykkar ref

Vår ref

Dato

16/3224-

27. februar 2023

Lovtolking og prøving av kommunalt skjønn i saker om motorferdsel i utmark

Fleire kommunar har i seinare tid tatt kontakt med Klima- og miljødepartementet om statsforvaltarane si utøving av mynde etter regelverket om motorferdsel i utmark. Dette gjeld mellom anna lovlegheitskontrollar, klagar og klagehandsaming.

Departementet har per no ikkje grunnlag for å meine noko om statsforvaltarane si handtering av desse sakane.

For ordens skuld minner vi likevel om departementet sitt brev 4. oktober 2017 med rettleiing for lovtolking og prøving av skjønn i saker etter motorferdselregelverket. Brevet er vedlagt.

Vi minner også om at det regjeringsoppnemnde Motorferdsellovutvalet skal levere utgreiinga si mot slutten av 2023. Utvalet skal gjennomgå regelverket om motorferdsel i utmark og vassdrag. Utvalet sitt forslag skal ta omsyn til føringane i Stortinget sitt vedtak 25. mai 2021 om auka lokalt sjølvstyre og redusert byråkrati, samtidig som omsyn til natur og friluftsliv blir tatt vare på.

Med bakgrunn i forholda nemnt over bør statsforvaltaren vere tilbakehalden med å overprøve kommunalt skjønn og etablert praksis innafør dei juridiske rammene i dagens lovverk. Statsforvaltaren bør vidare søke å finne gode løysningar saman med kommunane.

Med helsing

Aleksander Øren Heen

Kopi:
Kommunane
Miljødirektoratet